



INDUSTRIKONSULENTEN PÅ OSTERØY



Ny Industrikonsulent for Osterøy frå 18. september 2017

Marton Ulstein

Etter mange samtalar med styreleiar, andre representantar frå styret og avtroppande Industrikonsulent Lars Mjøs, samt inngåande studie av 50-års jubileumsboka er det med stor respekt og glede eg no har teke fatt på stillinga som Industrikonsulenten for Osterøy. Det er beundringsverdig alt det Industrilaget og Industrikonsulenten har fått gjort for Osterøy-industrien, Osterøy-samfunnet og nærliggande kommunar gjennom dei 53 åra Industrilaget har eksistert.

Litt om meg

Eg kjem opphaveleg frå ei forretnings-familie i Ulsteinvik på Sunnmøre. Vi budde i tredje etasje. I dei andre etasjane hadde vi teknisk butikk (lite varehus), reparasjonsverksted for teknisk utstyr, reknesakskontor, skipsmeklarkontor, tre lastebåtrederi og sju hybler.

Yrkesvalet mitt stod soleis mellom å bli skipper, økonom eller ingeniør. Det blei ingeniør, og fyrst mykje seinare økonom.

Utdanna innan industriell elektronikk tok eg til i eit mangeårig arbeid som utviklings- og prosjektingeniør i Ulsteingroupen i 1985. Der arbeidde eg med utvikling av propellfjernstyringar, alarmsentral, tankpeilesystem osb.

Etterkvart kom ISO-sertifisering, og formalisering av arbeidsprosessar, samt implementering av Ulsteingroupens nye profil (logo) på alle produkt til å prege mykje av arbeidsdagen min.

Dette førte til bachelorstudie i økonomi og administrasjon, med Logistikk som spesialisering ved Høgskulen i Bergen, og etter det -masterstudie i Logistikk og forsyningsleiing i Edinburgh -Skottland.

So i 2005 byrja eg i jobb innan innkjøp i Rolls-Royce Marine. Og der har eg bla. hatt ansvar for innkjøp av alt innan elektro og elektronikk på til saman 26 fabrikkar på tvers av Marine divisjonen.

Ei periode har eg også hatt ansvar for strategisk innkjøp i Europa, Afrika og Midtøsten i det verdsomspennande seismikkelskapet CGGVeritas.

Eg og ein studiekamerat etablerte også ei verksemد med mål om å hjelpe lokale SMB-virksomheiter å verte meir konkurransedyktige gjennom betre innkjøpsprosessar og avtalar.

Det var gjennom aktivitet i denne verksemda vi kom i kontakt med industriverksemde på Osterøy, og etter kvart også med Industrilaget.

Når det so blei nemnt for meg at ein snart trengte ein ny Industrikonsulent, og om eg kunne vere interessert, var det med min bakgrunn frå industriklyngene på Sunnmøre, og denne tanken om å kunne hjelpe lokalindustrien slett ikkje vanskeleg å «melde seg til teneste». Og heldigvis har me

funne tonen. No ser eg fram til å få samarbeide med grundera, kremera, samt motiverte og framtidsretta representantar for Osterøyindustrien -altså medlemmane i Industrilaget, og alle dei andre me skal samarbeide med.

Kva skjer framover?

Det vert heilt klart ei vidareføring av dei mest sentrale oppgåvene som Industrikonsulenten har i dag, men også tid for ny-tenking. Omverda er på full fart inn i digitalisering, robotisering, ny teknologi, innovasjon og re-orientering (av drift, marknad og produkt osv.). Ein snakkar jamvel om disruptiv innovasjon. Det kan vere utfordrande å få eit klart bilde av kva dette er, men då PC-en dukka opp og ein gjekk vekk frå skrivemaskin og teiknebrett kan vere eit døme på disruptiv innovasjon. Andre døme som vi kjenner til frå notida er førarlause bilar og jamvel båtar. Fenomen som var heilt utenkjelege for berre nokre få år sidan.

No er ikkje Industrikonsulenten sitt arbeidsområde hogd i stein, og det er viktig at ein kan tilpasse oppgåvene på ein slik måte at ein ogso i framtida kan vere ein god tenar for medlemsbedriftene og samfunnet. Faktisk vil prosjekt som Industrikonsulenten og bedriftene på Osterøy er involverte i kunne bere frukt langt utanfor Osterøy og Hordaland. Og det kan ein vere stolt av!

Ein takk til

Til slutt vil eg spesielt takke avtroppande Industrikonsulent Lars Mjøs for all rettleiing og støtte i denne oppstartsfasen, og Styreleiar Lars Magne Bysheim for sin klare vilje til godt samarbeid framover.

Marton Ulstein